

## **Styremøte Skei 23.9.2009 kl. 18.**

Sakliste:

1. Orientering og krinsleiarssamling i vår.
2. Terminliste. Status.
3. Krinsen sine arrangement hausten 2009
4. Vedtak om plassar i 3.div.
5. Orientering om status i økonomien
6. Rekrutteringsarbeid.
7. Ymse

### **Til stades:**

Helge Sæterdal, Kai Lille-Homb, Åsbjørn Hegrenes, Geir Hoff, Torveig Botnen, Gunn M Angelskår

### **Orientering ved krinsleiar:**

Har delteke på krinsleiarssamling. Ein tok ikkje opp ekskursjonar og dei mest kontroversielle emna. Det var ein del drøfting rundt utvikling av bridgen: sosial bridge og rekruttering. S & Fj sin måte å gjera konkurransane tilgjengelege for medlemmene utan å måtta reisa så langt (kvalifisering i klubbar og soner) vakte interesse.

### **Terminliste, status:**

ingen ting manglar ut frå kva som er meldt til styret. Dato for påmelding KM lag rettast til 14.10. Ta ein påminningsrunde til klubbane pr ca 4.10. Legg inn forbundsting og krinsting på lista.

### **Krinsen sine arrangement**

**KM lag:** talet på spelande lag i sonane avgjer kor mange som kjem til finalen. Dette er uansett kor mange som evt må trekkja seg frå finalen. Arrangørane vert bedne om å senda inn beskjed om det er lag som trekkjer seg alt ved innsending av resultatlista frå sonen.

**KM par** i klubbane endrar namn til FM par i klubbane.

**Divisjonsspelning:** Sjekk ut krav til turneringsarrangørar /arrangement frå forbundet.

Nedlasting av forbundet sine reglement kan gjerast frå

<http://www.bridge.no/Organisasjon/Nyheter/Seriemesterskapet-info> eller

<http://www.bridge.no/Nedlastninger/Vedtekter-reglement-instrukser>.

Vi må oppmoda klubbane å stilla lag til 4.divisjon.

Legging av kort: KM par bør delast mellom kretsen si maskin Leikanger og Førde si. Førde tar 4.div i Førde, Leikanger tar 4.div Sogn. KM lag: Leikanger.

Poenghøsten + Mp-treff: Leiar lagar påminning og sender ut.

### **Retningslinjer for fordeling av plassar i divisjonssystemet.**

#### **1. Opprykk frå ein lågare divisjon**

Dersom eit lag trekkjer seg etter å ha kvalifisert seg for opprykk frå ei pulje i 4.divisjon til 3. divisjon:

1. Pulja har ein plass for opprykk. Om eit lag som vinn plass for opprykk trekkjer seg eller ikkje er intakt etter forbundet sine reglar, får laget som er på plassen under tilbodet om opprykk.

## 2. Lag som trekkjer seg frå 3. divisjon

Dersom eit lag trekkjer seg, eller ikkje lenger er intakt etter forbundet sine reglar, disponerer krinsen plassen, og erstattar laget slik:

- 1) Dersom puljene i 4. divisjon er av ulik storleik, går tilbodet om opprykk til nr 2 i den største pulja.
- 2) Dersom dei er like mange, vert kvaliteten vurdert, og dei med best kvotient vert tilbydd plassen.
- 3) Dersom ingen av 2. arane i puljene tek i mot tilbodet, går dette til den beste av dei som rykkjer ned frå 3. div.
- 4) neste nedrykksplass
- 5) Er ikkje plassane fylt opp etter dette, står krinsstyret fritt til å tilby plass til eit lag frå 4. divisjon året før som kan møta, for at ikkje talet på lag i 3. divisjon skal verta redusert.

Desse prinsippa vil også vera dei Krinsen vil gå ut frå om det skulle gjelda høgare divisjonar.

Forbundet sine reglar for kva som er eit intakt lag, finn ein i **Norsk bridgeforbund sitt turneringsreglement, 4.14.1:**

...

*Plassene i de tre øverste divisjonene disponeres av kretsene. Kretsen bestemmer hva som skjer med lag som ikke er intakte (minst tre spillere fra forrige sesongs lag medfører at laget er intakt). Intakte lag har krav på sin plass, også dersom kretstilhørigheten endres.*

## Orientering om økonomi ved Kai

Vi har 209 700 kr, skuldar ikkje, har lite uteståande.

Fram til neste møte vurderer vi kva turneringar vi kan auka premiering på, f.eks ved bruk av gåvepremiar etter dei 3 første.

## Rekruttering

\*Skjolden lyser ut kurs. Flott! Vi treng fleire som gjer dette!

Klubbane kan kontakte Geir om dei treng hjelp ved rekruttering, kurs, materiell osv.

\*Forslag: Rekrutteringspris mellom klubbar som skaffar nye medlemmer? Prisen blir at krinsen dekkar kostnad til juniorleir for to stk. Geir set opp kriterie for **Juniorprisen**. Tid: leir i 2010.

\*Forslag; Vi lagar rekrutterings-fane på krinsen sine heimesider, legg inn linkar til nedlasting av materiell frå forbundet.

\*Forslag frå Torveig: Bruk av Facebook? Torveig opprettar sida (administrator), Geir sender info? Alle kan spela inn. Facebooksida skal ikkje erstatta krinsen si heimeside, men vera eit forsøk på supplement.

\*Rekrutteringsutvalg: supplere Geir med medhjelparar frå Nordfjord og Sogn. Forslag Haldor Sunde og Jan Frode Bolstad. Leiar sjekkar om dei er villige.

## Ymse

Krinsen bør sjå på ulike typar turneringsformer for å prøva å få revitalisering – i tillegg til rekrutteringsarbeidet.

Krinsen sine heimesider er ikkje alltid oppdatert, GMA sender kopiar av info om styret.

Leiar føl opp kontakten med heimesideredaktøren.